Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar i 2018	Utførte kontrollar 2018 (i %)	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utført kontroll 2018 region (i %)
600	30	24	4 %	5,3 %	4,6 %

Skatteoppkrevjaren har ikkje nådd resultatkravet på 5 % i 2018.

4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skattekontoret har i 2018 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing 22.03.18. Rapport er send skatteoppkrevjaren 05.04.18.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

**Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
Skatteetaten

Oddmund Midtbø

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Stord kommune
Kontrollutvalet for Stord kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Stord kommune
Riksrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.



Skatteetaten

Datoen vår
05.04.2018

800 80 000
Skatteetaten.no

Org.nr
991733108

Datoen din

Referansen din

Referansen vår
2018/84072

Saksbehandlar
Ane Mikalsen

Telefon
95258026

Postadresse
Postboks 8103
4068 Stavanger

SKATTEOPPKREVEREN I STORD KOMMUNE
Borggata
5417 STORD

Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord og Fitjar kommune 2018

Vi viser til kontrollbesøket vårt 22. mars 2018 utført av Ane Mikalsen frå Skatt Vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var Wigdis Sagvåg og Magdalena Byre. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i vår e-post av 19. februar 2018.

Vår kontroll byggjer på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsett av Skattedirektoratet 1. februar 2011. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Føremålet med instruksen er å sikre at det vert gjennomført kontrollaktivitet som avklarar om den faglege utføringa av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Instruksen skal og sikre at skatteoppkrevjarane vert gjevne pålegg der den faglege utføringa ikkje er tilfredsstillande, og at pålegg og tilrådingar vert følgde opp.

1 Omfang og føremål med kontrollen

Kontrollen har omfatta følgjande hovudområder:

- internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret
- skatterekneskapen
- innkrevjingsarbeidet

Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor det einssilde hovudområdet.



2 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå kontorkontrollar

Det er ikkje gjeve pålegg eller tilrådingar ved gjennomførte kontorkontrollar.

3 Oppfølging av pålegg og tilrådingar frå tidlegare kontrollar

3.1 Følgjande pålegg gitt i rapport av 13. juni 2017 reknar vi som etterkomne:

- Pålegg om Betalingsordningar – dokumentasjonskrav

4 Pålegg og tilrådingar som følgje av denne stadlege kontrollen

4.1 Pålegg

Pålegg vert gjeve når kontrollen avdekkjer brot på lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Pålegga er anten krav om at eksisterande tilhøve skal rettast, eller om at kontoret sin praksis må endrast. Det er ved denne kontrollen ikkje avdekkja tilhøve som tilseier at det vert gjeve pålegg.

4.2 Tilrådingar

Skattekontoret kan etter instruksjonen og gje tilrådingar om tilhøve ved skatteoppkrevjarkontoret som bør betrast. Det er ved denne kontrollen ikkje avdekkja tilhøve som tilseier at det vert gjeve tilrådingar om tilhøve som bør betrast.

Vi takkar for god hjelp i samband med vårt kontrollbesøk og håpar at det gode samarbeidet held fram.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
underdirektør
Avdeling Innkreving
Skatt Vest

Ane Mikalsen
kontrollør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2015/178-94
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	15/19	10.04.2019

Rådmannen orienterer om budsjettbrev 2019 frå fylkesmannen

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 25.02.2019., var bl.a. oppe referatsak om budsjettbrev. Følgjande vart vedteke:

RS 12/19 Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune

- «Kontrollutvalet ber rådmannen orientera munnleg i neste utvalsmøte om kva vurdering han har vedr. innhaldet i Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune.»

Drøfting

Det brukar å koma årlege budsjettbrev frå fylkesmannen. Vedlagte brev gjeld Stord kommune sitt budsjett for 2019 og for økonomiplanen.

Budsjettbrevet har slik avslutning / oppsummering:

«Oppsummering.

Kommunen må etter første tertial i år gjennomføra ein budsjettrevisjon og redusera dei frie inntektene i budsjettet slik at dei blir på eit realistisk nivå.

Det er viktig at ikkje ein for stor del av eigedomsskatteinntektene blir nytta til driftsføremål. Kommunen vil bli økonomisk sårbar dersom ein for stor del av eigedomsskatten blir nytta til driftsføremål.

Kommunen bør opparbeide eit større disposisjonsfond. Noverande driftsreserve er for låg.

Kommunen må unngå å koma i ein situasjon med for høg gjeld. Eit for høgt gjeldsnivå vil gi kommunen liten økonomisk handlefridom.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: Hogne.Haktorson@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

I samtale med rådmann Magnus Mjør av 18.03.19., vart avtalt at han stiller i kontrollutvalsmøtet for å gje ei orientering.

Om det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i orienteringa, vert det tilrådd å ta denne til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune



Stord kommune,
Postboks 304,
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

STORD KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2019 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 29.november 2018 og 18.desember 2018.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til ein reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 562.494.000,- i skatt på eige og inntekt for 2019.

I 2018 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 3,8 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 0,4 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2018 var 89,7 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 1031,0 mill.



Inntektsprognosen for 2019 er no oppdatert med førebelse innbyggjartal per 01.01.2019 og innkomen skatt i 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vera innbyggjartal per 01.01. 2019. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2018.

Dei budsjetterte skatteinntektene og frie inntektene kan vera for høge. Den siste inntektsprognosen er kr 1005,6 mill.

Kommunen vil få ekstraordinært skjønstilskot for kommunar som ufrivillig er blitt åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga i inntektssystemet i 2017. I 2018 var tilskotet knapt kr 2,9 mill. Den samla ramma for kommunane er halvert frå 2018 til 2019. Det er lagt opp til å avvikla ordninga frå år 2020.

Kommunen må vurdere dei frie inntektene i budsjettet nærare etter første tertial og gjennomføra budsjettrevisjon, i den grad det er nødvendig, slik at budsjetterte inntekter blir på eit realistisk nivå.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med kr 50,3 mill. i eigedomsskatt for 2019. Innkomen eigedomsskatt i 2018 var om lag kr 40,2 mill.

Skattesatsen for 2019 er 2,5 promille av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen for 2019 er 5,0 promille av omsetnadsverdien for næringseigedom og ikkje utbygd grunneigedom. Begge skattesatsane for 2019 er auka noko samanlikna med 2018. Det vil seie frå 2,0 promille for bustader og fritidseigedomar og frå 4,0 promille for næringseigedom og ikkje utbygd grunneigedom.

Kommunestyret har i møte 18. mai 2017 vedteke følgjande handlingsregel knytt til eigedomsskatten:

«Stord kommune har som mål at netto driftsresultat skal tilsvare nettoinntekter frå eigedomsskatten, men har opning for at inntil elleve prosent av eigedomsskatten kan brukast til verdi-bevarande vedlikehald og frivillige organisasjonar».

Fylkesmannen er positiv til at kommunen legg denne økonomiske handlingsregelen til grunn. Målsetjinga er ikkje oppfylt korkje i opphavleg vedteke budsjett for 2019 eller i førebels rekneskap for 2018.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,8 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 3,25 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.



Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vera at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Vi vil tilrå kommunen at dei ordinære avdraga er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr 60.850.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei ordinære avdraga i budsjettet utgjer om lag 3,2 prosent av kommunen si netto lånegjeld ved utgangen av 2018. Dette er høgare enn i dei siste åra. Avdraga bør framleis bli auka noko i høve til nivået på lånegjelda.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2019 er kr 16,4 mill. Netto driftsoverskot i budsjettet oppfyller ikkje den målsetjinga kommunestyret har vedteke for kor stort netto driftsoverskot bør vera. Netto driftsoverskot i budsjettet er vesentleg lågare enn pårekna eigedomsskatteinntekter.

Det er viktig at ikkje ein for stor del av eigedomsskatteinntektene blir nytta til driftsføremål. Kommunen vil bli økonomisk sårbar og med lite økonomisk handlingsrom dersom ein for stor del av eigedomsskatten blir nytta til driftsføremål. Netto driftsoverskot i budsjettet utgjer berre 1,1 prosent av driftsinntektene, sjølv om eigedomsskatten inngår i driftsinntektene.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt. Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vera noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

I førebels rekneskap for 2018 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 1,9 mill. Dette utgjer berre 0,1 prosent av driftsinntektene. Det er eit mindreforbruk i førebels rekneskap per 31.12.2018 på om lag kr 12,5 mill. Det svake netto driftsresultatet for 2018 skuldast for ein stor del den svake utviklinga på finansplasseringar i 2018 med negativ utvikling i aksjemarknaden.

Disposisjonsfond ved utgangen av 2018 i førebels rekneskap er kr 14,2 mill. Dette utgjer berre knapt 1,0 prosent av driftsinntektene. Kommunen bør opparbeide eit større disposisjonsfond for å ha tilstrekkeleg driftsreserve.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 378 ¾ mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 177,4 mill. Dei største investeringane



elles er i Nysæter Ungdomsskule, avlastningsbustad Sævarhagen og omsorgsbustader Bandadalsplassen.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Resten av investeringane blir finansierte med kompensasjon meirverdiavgift og investeringstilskot frå Husbanken m.m.

Kommunestyret vedtok 29.november 2018 å ta opp inntil kr 247,9 mill. i lån i 2019:

- 1.Startlån til vidare utlån, kr 50 mill.
- 2.Lån til investering i vatn og avlaup, kr 177,4 mill.
- 3.Lån til Stord hamnestell, kr 20 ½ mill.

Kommunestyret vedtok 18.desember 2018 å auka låneopptaket med inntil kr 36,8 mill. for å finansiera utbygginga av Nysæter ungdomsskule. Dette kjem i tillegg til låneopptak vedteke i kommunestyremøte 29.november 2018.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen var kr 96.269,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 kan reknast til kr 2164,3 mill., eller om lag kr 115.200,- per innbyggjar. Det er ikkje korrigert for ubrukte lånemidlar ved utgangen av 2018 med kr 90,2 mill., eller kr 4800,- per innbyggjar.

Kommunen sitt gjeldsnivå er komen opp på eit høgt nivå. Kommunen må unngå å koma i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå. Eit for høgt gjeldsnivå vil føra til at den økonomiske handlefridomen blir for låg.

Oppsummering

Kommunen må etter første tertial i år gjennomføra ein budsjettrevisjon og redusera dei frie inntektene i budsjettet slik at dei blir på eit realistisk nivå.

Det er viktig at ikkje ein for stor del av eigedomsskatteinntektene blir nytta til driftsføremål. Kommunen vil bli økonomisk sårbar dersom ein for stor del av eigedomsskatten blir nytta til driftsføremål.

Kommunen bør opparbeide eit større disposisjonsfond. Noverande driftsreserve er for låg.

Kommunen må unngå å koma i ein situasjon med for høg gjeld. Eit for høgt gjeldsnivå vil gi kommunen liten økonomisk handlefridom.



Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2017/108-35
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	16/19	10.04.2019

Handlingsplan - forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølgingBakgrunn for saka:**Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak PS 62/18 i møte 18.12.18:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
 - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
 - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Drøfting:

Vedlagt handlingsplan er datert 06.03.19, og vart sendt som vedlegg til e-post av 15.03.19.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging. Av handlingsplanen går det fram at oppfølgingsarbeidet er godt i gang. Prosjekthandboka til Stord kommune er under revisjon, og dei fleste oppfølgingspunkta vil bli innarbeidde i denne. Prosjekthandboka vil vera ferdigstilt innan kort tid. Forøvrig har Stord kommune innført elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) som støtte i heile konkurransegjennomføringa frå kunngjering til inngått kontrakt.

Kommunen vil senda endeleg rapport over utført arbeid så snart prosjekthandboka er ferdig revidert.

Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over kan kontrollutvalet avventa endeleg rapport, som er nært føreståande. For ordens skuld kan utvalet be om ny status innan 15.08.19., dersom endeleg rapport ikkje er klar før. Då vil utvalet bli orientert på sitt møte i september -19.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjort i samband med forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.
2. Utvalet merkar seg at endeleg rapport vil bli motteken så snart prosjekthandboka er ferdig revidert, og ber om ny status innan 21.08.19. dersom endeleg rapport ikkje er klar før.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Rådmannen si oppfølging av forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging

Hordaland fylkeskommunen, Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 06.03.2019
Vår ref: 2018/845 - 6235/2019 / 217
Dykkar ref:

Rådmannen si oppfølging av forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging

Det vert vist til kommunestyret si handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» i sak PS 21/18 den 18. desember 2018. Det vart gjort fylgjande vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, her under
 - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
 - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbud som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørgje for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Prosjekthandboka til Stord kommune er under revisjon. Dei fleste oppfølgingspunkta vil bli innarbeidde i denne. Prosjekthandboka vil vere ferdigstilt innan kort tid.

Frå august 2018 har Stord kommune innført elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) for heile verksemda, i samsvar med § 22-1 i Forskrift om offentlige anskaffelser. Dette verktøyet er eit fagsystem som gjev elektronisk støtte i heile konkurransegjennomføringa frå kunngjering til inngått kontrakt.

Dei einskilde tilrådingane er/vil bli følgde opp slik:

Vedteke tiltak:	Tiltak	Ansvarleg	Framdrift
<p>1. Kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gie utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder</p> <p>a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.</p> <p>b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngevinga må innehalde ein konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.</p>	Kommunen har innført KGV-systemet «EU Supply» for desse rutinane.	Rådmannen	Gjennomført
<p>2. Einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.</p>	Er følgt opp i prosjekthandboka med tilhøyrande prosedyrar	Rådmannen	Under arbeid
<p>3. Kommunen bør sørgje for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.</p>	Er følgt opp i prosjekthandboka med tilhøyrande prosedyrar	Rådmannen	Under arbeid

Me vil sende endeleg rapport over utført arbeid så snart prosjekthandboka er ferdig revidert. Rapporten vil skildre korleis KGV-systemet og prosjekthandboka løyser oppfølgingspunkta.

Med helsing

Magnus Mjør
Rådmann

Lovise Vestbøstad
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 040
Arkivnr: 2014/298-21
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	17/19	10.04.2019

Tilsynsrapport frå rehabiliteringssenteret i oktober 2018

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 25.02.2019 var oppe referatsak RS 3/19:
Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018.

Følgjande vedtak vart gjort:

«Kontrollutvalet ønskjer nærare skriftleg informasjon etter tilsynsutvalet sitt besøk. Utvalet merkar seg at avsett tid for tilsynsbesøket var 30 minutt.»

Drøfting

Ønskje frå utvalet vart sendt Nils Tore Gram Økland, som er leiar for RHO-komiteen og medlem i tilsynsutvalet. Han svarte bl.a. slik i e-post av 28.02.19.:

«Eg ser at det er oppgitt feil møtetid i tilsynsrapporten frå tilsynsutvalet sitt tilsyn ved rehabiliteringssenteret 16.10.2018.

Som det går fram av rapporten var dette eit grundig tilsyn med fokus på det praktiske rehabiliteringsarbeidet som føregår på senteret. Utvalet hadde møte både med leiding og tilsette ved rehabiliteringssenteret og ei befaring av lokalitetane.

Rapporten peikar på utfordringar og problem så vel som sterke sider ved drifta. I rapporten kjem det også fram kva vurderingar utvalet gjer, og kva tiltak som etter utvalet si mening kan utvikla rehabiliteringssenteret vidare.

Ut over dette har ikkje tilsynsutvalet noko å leggja til.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: Hogne.Haktorson@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Redigert tilsynsrapport, etter tilsynet 16.10.18., vart sendt kontrollutvalet i e-post av 08.03.19. Den ligg som vedlegg til denne saka. Sekretariatet har gått gjennom redigert tilsynsrapport og finn to skilnader frå rapporten som låg føre til sist kontrollutvalsmøte:

- Møtetid er retta frå kl. 09.30 – 10.00 til kl. 09.00 – 11.00.
- Mykje av teksten er no markert med gul farge.

Gjennomgangen viser vidare at gul tekst ikkje er ny tekst. Antar denne teksten er merka avdi avsender ønskjer å framheva det som er omtalt der.

Reell skilnad er altså at tilsynet ikkje vart gjennomført på ½ time men på 2 timar.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar redigert tilsynsrapport, etter tilsyn med rehabiliteringssenteret 16.10.18., til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Redigert tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret Oktober 2018

Tilsynsutvalet for Stord sjukeheim, Knutsaåsen omsorgssenter og Rehabiliteringssenteret

TILSYNSRAPPORT FRÅ REHABILITERINGSSENTERET

Tid: Tysdag 16. oktober 2018, kl. 09.00 – 11.00

Deltakarar: Hilde Hauglid, Reidar Brevik, Else Fredriksen, Nils Tore Gram Økland

Dette tilsynet var varsla på førehand. Frå Rehabiliteringssenteret møtte einingsleiar Kristin Steinsland saman med seks tilsette frå ulike fagområde.

Føremålet med tilsynet var å

- orientera seg om korleis rehabiliteringssenteret arbeider for å rehabilitera pasientar både på senteret, først og fremst på døgnavdelinga, og i heimerehabiliteringa.
- få innsikt i korleis rammene for verksemda påverkar kapasitet og effekt av rehabiliteringsarbeidet.
- få eit innblikk i korleis rehabiliteringssenteret samverkar med andre kommunale tenester og med frivillige lag/organisasjonar.

Rehabiliteringssenteret er eit tverrfagleg arbeidsfellesskap der fagfolk innan ulike disiplinær utarbeider og gjennomfører behandlings- og treningsopplegg for å setja utskrivne pasientar med ulike problem, og heimebuande med behov for fysisk trening og rettleiing i stand til å klara seg sjølv i størst mogeleg grad i kvardagen. Me siterer frå eininga sin eigen presentasjon på Stord kommune sine heimesider:

På Stord kommunale rehabiliteringssenter finn du og ergo- og fysioterapiavdelinga med kommunalt tilsette fysioterapeutar og ergoterapeutar, varmtvassbasseng og treningsavdeling.

I 3. etasje på Stord kommunale rehabiliteringssenter ligg døgnavdelinga med **14 rom og 16** sengeplassar: I periodar vil døgnavdelinga ha to dobbeltrom. Fem plassar er øyremerka for brukarar som treng rehabilitering. Brukarar som har rehabiliteringsplass får eit tverrfagleg, målretta og tidsavgrensa opplegg. **11** plassar er betegnet som korttidsplassar.

Døgnavdelinga

Tilsynet fekk inntrykk av at det er vanskeleg for personalet på døgnavdelinga heile tida å ha rehabiliteringsfokus i kvardagen. Dette skuldast at rehabiliteringssenteret i dag i tillegg til

rehabiliteringspasientar, må ta seg av det me vil kalla sjukeheimspasientar. Ca. 1/3 av dei som ligg på døgnavdelinga, går vidare til langtidsplass på sjukeheim. I tillegg har døgnavdelinga i snitt ca. 4 pasientar på avlastingsopphald. Det er såleis berre om lag 5 plassar (oftast 3 – 4) som er reservert for rein rehabilitering etter vedtak.

Dei eldste rehabiliteringspasientane på avdelinga har gjerne dårleg motivasjon for å arbeida aktivt med rehabilitering (jf. dei får kort tid på sjukehus og er dårlege ved utskrivning).

Motivasjon vert difor eit viktig innslag i møte med desse pasientane. Rehabiliteringsarbeid der målet er øving i dagleg stell er også tidkrevjande for personalet. I ein travel kvardag der mange av pasientane krev sjukepleie vel så mykje som rehabilitering, er det vanskeleg å få nok tid til rehabiliteringsarbeidet på avdelinga.

Det er også vanskeleg å leggja nok arbeid i rehabilitering på døgnavdelinga då omsorgsbehovet er stort hjå pasientane som har opphald i påvente av langtidsplass. Det er stor breidde i diagnoser og hjelpebehov, noko som krev store omstillingar for dei tilsette, det er særleg utfordrande å gi gode tenester til demente i ikkje tilrettelagt omgjevnader.

Sidan kapasiteten på avdelinga i stor grad vert brukt på sjukeheimspasientar, er det nesten ingen heimebuande som får korte opphald på rehabiliteringssenteret for å få trenings- og behandlingsopphald som ville gjera dei meir sjølvhjelpne og dermed i stand til å bu heime lenger (slik dei gjerne vil).

Eit anna problem som gjer at døgnavdelinga ikkje oppnår ynskt effekt av rehabiliteringsplassane, er at vedtak om opphald anten kjem kort tid før pasienten vert lagt inn, eller at vedtak om opphald (bestillinga) er uklar. Dermed føreligg ikkje naudsynt informasjon som til dømes oppdaterte relevante helseopplysingar. Det siste gjeld ofte pasientar på avlasting, men også utskrivne pasientar frå sjukehus kan ha ei uklar bestilling.

Følgja av dette er at rehabiliteringssenteret brukar unødig lang tid på å kartleggja innkomne pasientar (dei har tverrfaglege møte om kvar pasient kvar veke for å vurdere behov og tiltak). Det går dermed tid (gjerne ei veke) før eit målretta pasientopplegg kjem skikkeleg i gang. Med den knappe tida kvar pasient får på senteret (grunna stort behov for plassane), får ein for kort periode til sjølve rehabiliteringsarbeidet.

Mange potensielle brukarar av døgnavdelinga på senteret finn det av grunnane som er nemnt ovanfor (for lite fokus på rehabilitering, mange dårlege og demente pasientar) lite motiverande å leggja seg inn på døgnavdelinga.

Heimerehabiliteringa

Rehabiliteringssenteret har eit heimerehabiliteringsteam som består av fysioterapeut, sjukepleiar og ergoterapeut (til saman 150% stilling). Desse gir eit tidsavgrensa og gratis tilbod til innbyggjarar som bur heime eller som skal skrivast ut til heimen. Teamet samarbeider med heimetenestene når det er behov for det. Målet er å setja brukarane i stand til å klara seg sjølv i heimen.

Kapasiteten til denne tenesta dekkjer ikkje behovet. Av ca. 90 tilvisingar får om lag halvparten oppfølging (3 gonger pr. veke i 6 veker).

Bruk av velferdsteknologi, og implementering av erfaringane med prosjektet Telerehabilitering (august 2018 – juni 2019) kan vonleg auka kapasiteten og bidra til å sikra kvaliteten på den støtta som heimerehabiliteringsteamet gir.

Fysio- og ergoterapi og Frisklivssentralen

Avdelinga rår over treningsrom, behandlingsrom og basseng. I tillegg har ein tilbod i heimen til brukar og utandørs. Lokala, og særleg bassenget, er tilgjengelege for lag og organisasjonar som supplerer det tilbodet som senteret sjølv gir.

Det er stor etterspurnad (og kø) for å koma inn på dei gruppeopplegga (trening og kurs) som fysioterapi og dei andre faggruppene tilbyr. Frisklivssentralen avlastar fysio-gruppene med å leggje til rette for brukarar i sine grupper som til dømes fallførebyggande trening.

Tilsynet vil framheva det viktige samarbeidet som rehabiliteringssenteret har med frivillige lag og organisasjonar, kreftkoordinatoren, parkinsongruppe, Maris og Hamna. Det er oppretta grupper som betyr mykje for deltakarane si rehabilitering og livskvalitet. Fysio/ergoavdelinga samarbeider med Frisklivssentralen om fleire av disse gruppene. Eksempel på dette er prosjektet «aktiv etter kreft» eit tilbod til innbyggjarar som er ferdigbehandla for kreft men der mange lever med skader og føljetilstandar som påverkar kvardagen i ettertid.

Framtidsperspektiv

Stord rehabiliteringssenter er ein svært verdifull institusjon både for einskildpersonar og for kommunen. Dessverre vert kompetansen og kapasiteten (særleg på døgnavdelinga) i dag ikkje utnytta slik det var tenkt og slik det burde. Ei rein rehabiliteringsavdeling, kanskje i samarbeid med andre kommunar, ville truleg vore lønsam for alle partar (jf. samarbeidet med Fitjar og Bømlo om legevakt og KAD-senger).

Heimerehabiliteringsteamet bør også styrkast. Tidleg innsats gir best resultat.

Å ta i bruk velferdsteknologi og telerehabilitering, og gi opplæring i bruk av slike hjelpemiddel, kan auka kapasitet og sikra kvalitet i det rehabiliteringsarbeidet som går føre seg heime og på institusjonane.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2018/77-29
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	18/19	10.04.2019

Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - ny status i arbeidet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 29.10.18., sak PS 52/18:

1. Kontrollutvalet stadfester at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.
2. Utvalet har slike merknader til prosjektplan frå KPMG av september 2018: Vurdera om det kan føretakast justeringar som evt. gjer at forvaltningsrevisjonen skil seg enno meir frå tilsyn på saksfeltet som fylkesmannen hadde våren 2018.
3. Forslag til justert prosjektplan vert å levera til sekretariatet så snart som råd. Den må innehalda føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, leveringstidspunkt og ressursbruk
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen
5. Utvalsmedlemmane får høve til å gje innspel til utkast til prosjektplan, før godkjenninga, men med relativt kort tidsfrist
6. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i neste utvalsmøte.

Ferdiggjering av bestillinga

Vedtaks punkt 3, 4 og 5 vart følgt opp i etterkant av møtet, og revisjonen har no slik:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: Hogne.Haktorson@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Føremål og problemstillinger

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen sikrar at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tilbod. Forvaltningsrevisjonen vil rette seg mot tenestetilbudet til innbyggjarane i aldersgruppa 13-30 år.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbettringsorientert, og vil ha som formål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbettringsområder.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1. Kva tenester og tilbod har kommunen til personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit, og korleis er desse organisert?*
- 2. I kva grad sikrar Stord kommune at personar med psykiske plagar/lidingar og/eller rusavhengigheit får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod? Herunder vil vi undersøke:*
 - a. Kva rutinar har kommunen for samarbeid og koordinering mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*
 - b. Korleis fungerer samarbeidet og koordineringa mellom tenestene internt i kommunen og mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og fastlegane?*
 - c. Kva rutinar og prosedyrar har kommunen for å sikre brukarane sine rettigheter til individuell plan og koordinator?*
- 3. Korleis sikrar kommunen at det fattast vedtak om tenester i samsvar med lovkrav? Herunder vil vi undersøke om det er avklart ansvar og mynde til å fatte vedtak etter lovkrav og kva rutinar kommunen har på området.*

Drøfting:

Det var slik statusoppdatering frå KPMG i kontrollutvalet sitt møte 25.02.19.:

"Revisjonen er godt i rute med forvaltningsrevisjonen. Revisjonen har hatt eit godt samarbeid med kommunen og vår kontaktperson. Det blei gjennomført i alt 9 intervju. Revisjonen har vektlagt å snakke med eit breidt spekter av tenesteytarar i kommunen, og både leiarar og tilsette. Det er også samla inn nødvendig dokumentasjon frå kommunen. Det som gjenstår er å slutføre analysen av datagrunnlaget og ferdigstille rapporten. Rådmann vil få rapporten til uttale slik han ynskjer med 2x2 veker frist for verifisering av fakta og uttale til rapporten. Rapporten vil som avtalt leverast og presenterast til kontrollutvalsmøtet i mai. "

Kontrollutvalet fatta då slik vedtak i sak PS 5/19:

Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 29.04.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

Etter avtale med sekretariatet har KPMG sendt slik ny statusoppdatering:

«KPMG har ferdigstilt rapportutkastet og sendt rapporten på høyring til kommunen. Det har vore viktig for revisjonen å ha eit brukarfokus i rapporten. Revisjonen har i den anledning gjennomført eit intervju med ein brukar. Informasjonen frå intervjuet er av omsyn til brukaren sjølv og fare for identifisering ikkje nytta direkte i rapporten. Vi har nytta informasjonen frå intervjuet til å sjå nærmare på område ved tenestetilbodet til kommunen vedkommande meinte ikkje fungerte optimalt. Revisjonen har også fått tilsendt brukarundersøkingar om tenestetilbodet, men desse er gjennomført i 2015 og 2016 så dei gir lite nyttig informasjon om dagens tenestetilbod.

Høyringsrunda blir gjennomført i to delar:

- 1. Høyring faktadel 18-29 mars*
- 2. Høyring endeleg uttale 1-12 april*

Rapporten vil leverast til kontrollutvalet seinast 29 april.»

Dette følgjer av e-post 25.03.19 frå forvaltningsrevisor Håkon Lindberg.

KPMG kan gje ytterlegare informasjon i møtet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2015/180-28
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Behandling i møte:

Styret diskuterte saken og kom med innspill

Vedtak:

Styret tar arbeidsfordelingen i forbindelse med fagkonferansen til etterretning, som avtalt i møtet

SS 33/19 STATUS PLANLEGGING - ARENDA SUKA

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om dialogen med KS om evt. samarbeid.

Vedtak:

Styret tar saken til orientering.

SS 34/19 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2021, TID STED/HOTELL

Behandling i møte:

Styret diskuterte aktuelle byer og steder og ble enige om at vi ber om hotelltilbud i flere byer: Ålesund, Bergen, Stavanger, samt Kjelfergen

Vedtak:

Generalsekretæren jobber videre med innspillene fra styret

SS 35/19 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2022, TID STED/HOTELL

Behandling i møte:

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport har ikke ledig kapasitet i siste halvdel av mai og første halvdel av juni 2022. Styret diskuterte om det kan være aktuelt å ha fagkonferansen i dagene før 12 mai, eller i dagene etter 12. juni. Styret ble enige om at vi ber om andre tilbud i området rundt Gardermoen

Vedtak:

Generalsekretæren jobber videre med innspillene fra styret

SS 36/19 EVALUERING AV STYRETS ARBEID

Behandling i møte:

Saken var utsatt fra forrige møte.

Vedtak:

Saken utsettes til neste møte. Styreleder sender ut evalueringsskjema.

SS 37/19 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering

RS 7/19 Kontrakt - kontorleie

RS 8/19 «Bernt svarer» - Spørsmål fra FKT om offentliggjøring

RS 9/19 Felles henvendelse fra FKT og NKRF til KMD ang kontrollutvalgsboken

RS 10/19 TI-Norges Arrangementer våren 2019

RS 11/19 Samling – nasjonal tilsynskalender

SS 38/19 EVENTUELT

25. mars 2019

Benedikte Muruvik Vonen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 19.03.2019 15:32:22

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Innkalling til FKTs årsmøte 4. juni 2019 i Kristiansand

Vedlegg: Vedtekter.pdf;FKT_brosjyre2018_v1_B.pdf

Til FKTs medlemmer

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) avholder sitt **årsmøte 4. juni 2019** på Clarion Hotel Ernst i Kristiansand. I henhold til vedtektene pkt. 5, skal innkalling sendes ut innen 10 uker før årsmøtet.

Vedlagt følger FKTs vedtekter og informasjonsbrosjyre til orientering. Vi viser også til våre [nettsider](#) hvor den samme informasjonen er tilgjengelig.

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, innen 23. april 2019. Styret sender ut saksliste og sakspapirer senest 2 uker før årsmøtet, innen 21. mai 2019.

Vi minner samtidig om at påmeldingsfristen til **Fagkonferansen 2019** er 9. april. [Program og påmeldingskjema](#)

Vi oppfordrer dere til å sende denne innkallingen videre til de øvrige medlemmene i utvalget og ansatte i sekretariatet.

Vel møtt til Kristiansand i juni!

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

*) Hvis framtidig medlemsinformasjon fra FKT ønskes sendt til en annen e-postadresse enn mottakeren av denne e-posten, ber vi om at det gis beskjed om dette. På forhånd takk!

VEDTEKTER

1. FORMÅL.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har som formål å være en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommuner, Sametinget og fylkeskommuner.

2. MEDLEMMER.

De kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalgene, Sametinget sin kontroll- og konstitusjonskomité, samt sekretariatene for disse, kan være medlemmer i forumet.

3. HOVEDOPPGAVER.

Forumet sine primære oppgaver er:

- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sitt arbeid med kontroll og tilsyn
- Være pådriver i arbeidet med faglig utvikling av kontrollutvalgene og sekretariatene.
- Være en arena for erfaringsutveksling.
- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sin kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag.

Andre oppgaver kan være:

- Sette kontrollutvalgene i stand til å foreta best mulig prioritering av revisjonsoppgaver.
- Være en pådriver i arbeidet med å utvikle metoder og retningslinjer.
- Synliggjøre overfor omverdenen, hvor viktig kontroll og tilsynsfunksjonen er.
- Være et serviceorgan for kontrollutvalg og sekretariat.
- Være talerør overfor myndighetene, herunder å gi høringssvar.

4. KONTINGENT.

Hvert medlem betaler en årlig kontingent, som blir fastsatt av årsmøtet. Kontingenten blir gradert etter innbyggertallet som kontrollutvalget og sekretariatet representerer.

5. ÅRSMØTE.

Årsmøtet er høyeste organ i forumet. Ordinært årsmøte blir holdt hvert år - første gang i 2006. Årsmøtet blir holdt så tidlig som mulig i året, og senest innen utgangen av juni. Styret eller styrelederen innkaller til årsmøte, og det gjelder slike regler og frister:

- Innkalling blir sendt innen ti uker før årsmøtet.
- Saker som medlemmene ønsker reist på årsmøtet, må være styret i hende seks uker før møtedagen.
- Styret kan selv legge frem saker for årsmøtet.
- Sakspapir blir senest sendt ut to uker før møtet.

Medlemmene avgjør selv hvem som skal representere seg på årsmøtet. Kontrollutvalg og sekretariat har en stemme hver, med tale-, forslags- og stemmerett. Styremedlemmer har kun stemmerett når de representerer ett medlem, men likevel ikke i saker om årsmelding og regnskap. Ved likt stemmetall, blir dirigenten sin stemme avgjørende.

Sekretariat:

FKT
Postboks 41 Sentrum
0101 Oslo
fkt@fkt.no

Telefon
41471166

www.fkt.no
Twitter: [@FKT_no](https://twitter.com/FKT_no)
Bank: 0539 43 90447
Org. nr. 989 545 159

Til behandling foreligger:

- Valg av dirigent, to referenter og to som underskriver protokollen.
- Innkalling.
- Sakslisten.
- Styret sin årsmelding.
- Regnskap og revisor sin melding.
- Fastsetting av kontingent.
- Budsjett og handlingsplan for påfølgende år.
- Innkomne saker.
- Vedtektsendringer.
- Separate valg av:
 - Leder og nestleder i styret (2 år), herav en fra kontrollutvalgene og en fra sekretariatene, valgt i partallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
 - 2 styremedlemmer og 2 vara fra kontrollutvalgene (2 år), valgt i partallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
 - 2 styremedlemmer og 2 vara fra sekretariatene (2 år), valgt i oddetallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
 - Valgkomite med leder, nestleder, to medlemmer og to varamedlemmer, etter forslag fra styret. (Funksjonstid i 2 år, der 2 repr. og en vara fra sekretariatene er på valg i oddetallsår og to medlemmer og en vara fra kontrollutvalgene i partallsår.
 - Revisor, etter forslag fra styret. (Årlig valg).

Det kan innkalles til ekstraordinært årsmøte, dersom 1/3 av medlemmene eller flertallet i styret, krever det.

6. STYRE.

Styret er sammensatt av 6 personer, derav 3 rekruttert fra kontrollutvalgene og 3 fra sekretariatene. Det er 2 varamedlemmer fra kontrollutvalgene og 2 vara fra sekretariatene. Leder har dobbeltstemme ved stemmelikhet.

Styret har ansvar for drift og virke i forumet mellom årsmøtene, og sørger selv for sitt sekretariat. De kan sette ned utvalg og komiteer, når det er behov for det.

Styret er vedtaksfør dersom minst 4 av medlemmene er til stede. Dersom minst 3 av styrets medlemmer gjør krav om det, skal det kalles inn til styremøte.

Ytterligere saksbehandlingsregler for styret, fastsetter styret selv.

7. ENDRING AV VEDTEKTENE.

Vedtektene kan endres av årsmøtet, og det gjelder slike regler og frister:

- Forslag om vedtektsendringer skal være styret i hende senest seks uker før årsmøtet.
- Det blir bare fattet vedtak for den del av vedtektene, der det er mottatt forslag om vedtektsendring.
- Vedtak må da fattes ved at minst to tredjedeler av de fremmøtte slutter seg til forslaget.

8. OPPLØSING AV FORUMET.

Forumet blir oppløst dersom $\frac{3}{4}$ av årsmøtet sine delegater krever det.

Besluttes forumet oppløst, skal årsmøtet vedta anvendelse av forumets midler til et formål som styrker kontrollutvalgene og sekretariatene sitt arbeid.

Disse vedtektene ble vedtatt på FKT sin stiftelsessamling, 22.11.05, med endring på årsmøtet 08.06.06, 02.06.10, 03.06.14 og 07.06.16.

Styret 2018-2019

Leder	Benedikte Muruvik Vonen (2018-2020) Rådgiver i Agder og Telemark Kontrollutvalgssekretariat
Nestleder	Dag Robertsen (2018-20) Nestleder kontrollutvalget, Moss kommune
Styremedlem	Marit Gilleberg (2018-2020) Leder kontrollutvalget, Tolga kommune
Styremedlem	Ivar Mork (2018-20) Leiar kontrollutvalet, Ulstein kommune
Styremedlem	Einar Ulla (2017-19) Kontrollsjef, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Styremedlem	Roald Breistein (2017-19) Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Har du innspill vedrørende forhold styret bør kjenne til eller saker du mener det er viktig at FKT har fokus på – ta gjerne kontakt med styreleder:

Benedikte Muruvik Vonen, benedikte.vonen@temark.no Telefon: 905 89 043

www.fkt.no



www.fkt.no



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

- en møteplass for kontrollutvalgene og deres sekretariat.

Forumet sitt formål:

En møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommuner, Sametinget og fylkeskommuner

Forumet sine primære oppgaver:

- ✓ styrke kontrollutvalgene og sekretariatenes arbeid med kontroll og tilsyn
- ✓ være pådriver i arbeidet med faglig utvikling av kontrollutvalgene og sekretariatene
- ✓ være en arena for erfaringsutveksling
- ✓ styrke kontrollutvalgene og sekretariatenes kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag

**For innmelding eller informasjon om FKT's arbeid –
kontakt sekretariatet:**

E-post: fkt@fkt.no

Generalsekretær:
Anne-Karin Femanger Pettersen | 414 71 166

Forumet jobber gjennom å:

- ✓ arrangere årlig fagkonferanse for kontroll og tilsyn
- ✓ arrangere samlinger for ansatte i sekretariat
- ✓ være høringsinstans og komme med innspill til sentrale myndigheter i spørsmål som angår kontroll og tilsyn
- ✓ gi informasjon om nyheter og aktuelle saker for kontrollutvalgene, www.fkt.no
- ✓ ta opp innspill og spørsmål fra medlemmer.
- ✓ veileder og bidrar med informasjonsmaterieill til opplæring av kontrollutvalg
- ✓ gi aktuell informasjon til medlemmer.

Medlemsfordeler:

- ✓ kontrollutvalgenes eget talerør.
- ✓ billigere konferanser
- ✓ faglig påfyll
- ✓ informasjonsutveksling
- ✓ egen medlemsinformasjon utvikles
- ✓ knytte kontakt med andre kontrollutvalg
- ✓ veiledere for arbeid i kontrollutvalg og sekretariat
- ✓ flere medlemmer gir større påvirkning mot dept.



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Kari Marie Nygard

Fra: Samarbeidsrådet for Sunnhordland <firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no>
Sendt: torsdag 21. mars 2019 13:51
Til: Reidun Rykkje
Emne: Representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Vedlegg: ÅRSMØTESAKER 2019.pdf; Innkalling til møte 5 april.pdf
Kategorier: Arkivert i Elements

Vedlagt ligg innkalling og saker til Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS.
Dette til orientering.

Mvh
Reidun Rykkje
Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Mob. 91 74 51 02
www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no



Jnr. 1047.19
GJG/rr

Til
Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

INNKALLING TIL REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS

I samsvar med vedtektene for Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert det kalla inn til ordinært representantskapsmøte

fredag 5. april 2019 kl. 10.00 på Fitjar Fjordhotel.

Saker:

- Sak 01/19 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/19 Val av
- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/19 Godkjenning av årsmelding 2018
Sak 04/19 Godkjenning av rekneskap 2018
Sak 05/19 Godkjenning av økonomiplan 2019-2022
Sak 06/19 Godkjenning av budsjett 2019
Sak 07/19 Godkjenning av handlingsplan 2019
Sak 08/19 Godkjenning av revisor
Sak 09/19 Val av nytt styret 2019-2021
Sak 10/19 Val av representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021

Tidsplan:

- Kl. 10.00 Velkomen
Kl. 10.05 Orientering om Maritime Clean Tech
Kl. 10.45 Ordinært møte
- Orientering om utviklingsprosjekta i reiselivsarbeidet
Kl. 12.30 Lunsj

Sunnhordland, 21. mars 2019

Lene Pilskog (s)
representantskapsleiar

Gro Jensen Gjerde (s)
dagleg leiar

**REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
FREDAG 5. APRIL 2017 KL. 10.00 PÅ FITJAR FJORDHOTEL, FITJAR**

Sak 01/19 **Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste**
Representantskapsleiar Lene Pilskog opnar møte.

Sak 02/19 **Val av**

- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll, i tillegg til rep.skapsleiar

Sak 03/19 **Godkjenning av årsmelding 2018**
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram årsmelding for 2018.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2018.

Sak 04/19 **Godkjenning av rekneskap 2018**
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram rekneskapen for 2018. Rekneskapet vert lagt fram med eit overskot på kr. 297 171,-

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2018.
2. Overskotet på kr. 297 171,- vert overført til disposisjonsfondet.

Sak 05/19 **Godkjenning av økonomiplan 2019-2022**
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram økonomiplan for 2019-2022.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2019-2022.

Sak 06/19 **Godkjenning av budsjett 2019**
Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram budsjett for 2019. Det er i år utarbeidd to budsjett. Eit for Samarbeidsrådet og eit for VisitSunnhordland.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner budsjett for 2019.

Sak 07/17

Godkjenning av handlingsplan 2019

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg med dette fram forslag til handlingsplan for 2019.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner handlingsplan for 2019.

Sak 08/19

Val av revisor

RSM Norge AS har vore revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland sidan oktober 2005. Det har vore eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom Samarbeidsrådet og revisor.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2019.

Sak 09/19

Val av nytt styret 2019-2021

Styret i Samarbeidsrådet vert valt for to år. Det er Representantskapet som vel styret. Styret i Samarbeidsrådet skal i følgje vedtektene vera samansett av 2 ordførarar og 1 rådmann. Det er krav til kjønnsbalanse i styret.

I inneverande periode (2017-2019) har styret vore samansett av følgjande personar:

Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune (styreleiar)
Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune (nestleiar)
Geir Aga, Bømlo kommune (styremedlem)
Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune (varamedlem)

Det har vore tradisjon for at nestleiar vert ny styreleiar og at varamedlem vert ny nestleiar. Etter ei fast rullering føreslår difor styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland at styret for perioden 2019-2021 vert samansett av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)
Siri Klokkestuen, Etne kommune (nestleiar)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (styremedlem)
Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vel følgjande styret for perioden 2019-2021:

Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)
Siri Klokkestuen, Etne kommune (nestleiar)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (styremedlem)
Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)

Dersom det vert endringar i val av ordførar etter valet i september 2019, skal valt ordførar i dei kommunane det gjeld, tre inn i styret fram til ny godkjenning i representantskapet i desember 2019.

Sak 10/17

Val av representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021

Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av 3 kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune m/ personlege varamedlemmer.

Oversikt over representantskap for perioden 2015-2019 (varamedlemmer i parantes):

Medlem

Varamedlem

Austevoll:

Renate Møgster Klepsvik
Håvard Endre Waage
Joon Raymond Haugland

Edvard J. Stangeland
Vibeche Storebø
Grethe Drønen Ringdal

Bømlo

Torunn Laurhammer
Karstein Fylkesnes
Inge Reidar Kallevåg

John Magne Søvold
Birgit Esperø
Signe Lund Jansen

Etne:

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Ingemund Berge
Kenneth Lyng Karlsen

Lars Olav Bergsvåg
Alf Ove Nilsen
Maren Tungesvik Tveiten

Fitjar:

Ida Marlen Havn
Karen Elisabeth Rydland Sæbø
Harald Rydland

Geirmund Aga
Svein Malvin Maraas
Hilde Karin Vedøy Eiken

Kvinnherad:

Hans Inge Myrvold
Sølvi Ulvenes
Hilde Enstad

Otto Benjaminson
Arne Bjørnevik
Bernth Harry Eliassen

Stord:

Lene Pilskog
Sverre Olav Svarstad
Oskar Emil Langeland

Sigurd Sævereid
Fredrik Litleskare
Silje Vatne

Sveio:

Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
Håkon Skimmeland
Lars Einar Hollund

Rune Teikari
Linn Therese Erve
Astrid Karin Strand

Tysnes:

Ingrid Restad
Magne Hauge Skartveit
Sigvard Michael Madsen

Ingrid Tysnes Stue
Øystein Flakke
Bjørn Lande

I perioden 2017-2019 har Lene Pilskog, Stord kommune vore leiar, medan Ingemund Berge, Etne kommunar har vore nestleiar.

Oversikt over representantskapsleiarane/nestleiarane i perioden 2007-2019:

2007-2009	Edvard Johannes Stangeland, Austevoll	Lorentz Lunde, Tysnes
2009-2011	Lorentz Lunde, Tysnes	Wenche Tislevoll, Fitjar
2011-2013	Harald Rydland, Fitjar	Arve Opsanger, Kvinnherad
2013-2015	Arve Opsanger, Kvinnherad	Jarle Jacobsen, Sveio
2015-2017	Ruth G. Østebøvik Eriksen, Sveio	Lene Pilskog, Stord
2017-2019	Lene Pilskog, Stord kommune	Ingemund Berge, Etne kommune

Dersom ein vel å fortsette rulleringa slik det har vore, er det Etne kommune som skal ha representantskapsleiararen og Bømlo kommune nestleiararen.

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet vel Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune til leiar for Representantskapet for perioden 2019-2021.
2. Representantskapet vel Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune til nestleiar for Representantskapet for perioden 2019-2021.
3. Dersom det vert endringar blant dei valde til Representantskapet etter valet i september 2019, skal det veljast nytt representantskap i desember 2019.



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karen Elin Bakke, 5557 2126

Stord kommune - Gnr 3 bnr 82 - Endring av reguleringsplan Nordhuglo II

Vi viser til klager frå dykk. Vidare viser vi til oversending frå Stord kommune, dagsett 14.12.2018.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar vedtak av 07.06.2018, sak PS-22/18, endring av reguleringsplan Nordhuglo II.

Bakgrunnen for saka


Vi føreset at partane er kjende med saksdokumenta og saksgangen elles. Fullstendig saksreferat vert difor ikkje gjeve. Vi vil likevel kort nemne følgjande frå den tidlegare handsaminga av saka:

Endring av detaljregulering for gnr. 3 bnr. 1 med fleire, Nordhuglo II, vart vedteken av forvaltningsstyret i møte den 07.06.2018, sak PS-22/18.

Endringa inneber i hovudsak at arealet som var omfatta av arealføremålet fritids- og turistføremål (F/T) vart utvida med 67,4 m². Føremålsgrensa vart flytta fire meter lengre sør. Arealføremålet bustad og tenesteyting (B/T) vart redusert tilsvarande. I nord vart føremålsgrensa for arealføremålet fritids- og turistføremål (F/T) og kai (K2) endra slik at avgrensinga mot sjø (arealføremålet småbåtanlegg i sjø) vart oval. Denne endringa medførte at arealet som kunne fyllast ut vart utvida med ca. 60 m². I same endring vart det også gjort andre justeringar av byggjegrensa; fastsett ny byggjegrense mot sjø og gjort einskilde andre tilføyingar i føresegnene.

Kommunen avslo også å endre utnyttingsgraden for arealføremålet fritids- og turistføremål i same vedtak.

Sjå utsnitt frå plankartet neste side:



Vedtaket vart klaga på Borgen Advokatar AS på vegne av Kjetil og Kjersti Aasheim i brev av 27.06.2018. Eigedomen har felles grense til eigedomen gnr. 3 bnr. 58 og gnr. 3 bnr. 82. Borgen Advokatar AS Aasheim skriv at eigar av bnr. 85 bnr. 82 har gjennomført utfylling i sjø utanfor kaiområde (K1) i etterkant av at den opphavlege reguleringsplanen vart vedteken, og at utfyllinga i sjøen ikkje samsvarar med byggjegransene i gjeldande plan. Det er heller ikkje søkt om tiltaka. Dei skriv også at kommunen pliktar å følgje opp ulovlege tilhøve og at tiltaket ikkje kan reknast som eit brot av mindre betydning, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 32-1. Vidare skriv dei at kommunen må synleggjere sine vurderingar og grunnkje desse, jf. forvaltningslova (fvl.) §§ 24 og 25.

Kjersti og Kjetil Aasheim har også sendt eit skriv dagsett 27.06.2018 til Stord kommune. Dei viser til at nabovarselet og søknaden som kommunen skal ta stilling til ikkje er samanfallande. Det er då svært vanskeleg for høyringsinstansane å uttale seg i saka. Vidare skriv dei at det ut frå bilete kan sjå ut til at kaifronten i nord aust kjem lenger ut i sjøen enn reguleringsendringa som er vedteken. Forslaget til reguleringsendring er også i strid med ein privatrettsleg avtale som er inngått. Avtalen hadde som føremål å sikre at ein ikkje ville ta utsikt eller sol ved bygging av rorbuer på eigedomane. Utfyllinga i sjø er heller ikkje i samsvar med byggjegransene i gjeldande plan. Klagarane skriv at på plankartet er føremålsgrensa teikna ut over ulovleg utfylling i sjø og at ny byggjeline i sør er ca. ein meter innanfor eigedomsgrensa til gnr. 3 bnr. 18. Klagarane meiner at forvaltningsstyret må oppheve vedtaket, slik at søkjar først må søkje om dispensasjon for den ulovlege utfyllinga i sjøen.

Forvaltningsstyret handsama klagen i møte den 04.10.2018, sak PS-38/18. Det vart gjort slikt vedtak, sitat:

«I medhald av FVL § 33 tek forvaltningsstyret klaga til følgje og omgjer vedtak PS 22/18.

Sak vedkomande utfylling i sjø, som allereie er utført, må handsamast i eigen søknad før søknad om reguleringsendring vert handsama på ny.



...»

Øystein og Sigurd Huglen klaga på vedtaket i brev av 08.10.2018. Dei viste mellom anna til at forvaltningsstyret blanda saman søknaden om mindre reguleringsendring og ulovlege tiltak. Det vart også vist til at forvaltningsstyret sitt vedtak ikkje vart godt nok grunngjeve.

Forvaltningsstyret handsama klagen frå Øystein og Sigurd Huglen i møte den 06.12.2018. Forvaltningsstyret oppheva vedtaket i sak PS-38/18 og handsama klagen på nytt i sak 45/18.

I sak 45/18 vart det gjort følgjande vedtak, sitat:

«Forvaltningsstyret tek ikkje klaga til følgje, og oppretthald vedtak i forvaltningsstyret, sak PS-22/18.

Forvaltningsstyret kan ikkje sjå at klaga inneheld opplysningar som ikkje tidlegare er vurdert i saka, og vurderer at det ikkje føreligg sakshandsamingsfeil.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

Vedtaket vart gjort med seks mot tre røyster.

Saka vart deretter sendt Fylkesmannen for klagehandsaming.

Rettsreglar

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan som klageinstans prøve alle sider av saka, jf. fvl. § 34.

Etter pbl. § 12-12, jf. pbl. § 1-9 kan kommunestyret sitt endelege vedtak i regulerings saker klagast inn for departementet. Gjennom rundskriv T-8/86 er departementet sitt mynde som klageinstans delegert til Fylkesmannen.

Planarbeidet skal i samsvar med pbl. § 1-1 fremje lova si målsetjing om berekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Det er kommunestyret som er ansvarleg for planarbeidet i kommunen og som skal ta stilling til om eit område skal regulerast og til kva føremål. Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved endringar av desse vil det ofte vere motstridande omsyn som gjer seg gjeldande. Spørsmålet vert då om dei vurderingane som ligg til grunn for valet av reguleringsføremål og utforming av reguleringsføresegner har vore tilstrekkeleg grundige og byggjer på lovlege og reguleringsmessige omsyn. Fylkesmannen må ved handsaminga av klagesaka også vurdere om det er gjort sakshandsamingsfeil i reguleringsprosessen.

Det følgjer av pbl. § 12-14 andre ledd at *«Kommunestyret kan delegera myndighet til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.»*

Det går fram av forarbeida til pbl. § 12-14 andre ledd at føremålet med lovendringa var å redusere omfanget av ressurskrevjande dispensasjonshandsaming til fordel for ei meir føreseieleg, langsiktig arealavklåring gjennom plan. Kommunen skal i større grad utøve planfagleg skjønn i vurderinga av kva for endringar som kan gjennomførast etter dei enklare sakshandsamingsreglane i pbl. § 12-14



andre ledd. Justering av grensene og arealføremåla er nemnde som døme på endringar som vil kunne vere aktuelle. Likeså endringar av arealføremåla.¹

Fylkesmannen si vurdering

Til sakshandsaminga

Pbl. § 12-14 andre ledd

Stord kommune har vurdert det slik at tiltaka i liten grad går utover hovuddrammene i planen og at korkje grunneigarar eller interesser vert råka av tiltaka som endringane legg opp til.

Fylkesmannen er samd med kommunen i at endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen elles og at endringane ikkje rårar omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Endringane går heller ikkje ut over hovuddrammene i planen. Korkje Fylkesmannen i Hordaland eller Hordaland fylkeskommune har hatt merknadar til endringane i planen. Kommunestyret kan dermed delegere kompetansen til å vedta endringane til forvaltningsstyret, jf. pbl. § 12-14 andre ledd.

Fvl. §§ 24 og 25 - grunngjeving

Fylkesmannen vurderer det også slik at kommunens vedtak er grunngjeve i tråd med krava i fvl. §§ 24 og 25. Vedtaket og saksframstillinga viser mellom anna til reglane som vedtaket byggjer på, dei faktiske tilhøva som vedtaket byggjer på og hovudomsyna som har vore avgjerande for utøvinga av forvaltningen sitt skjønn.

Nabovarsel

Kven som skal varslast ved endring av plan, som i denne saka, følgjer av pbl. § 12-14 tredje ledd: *«Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.»*

Føresegna legg som nemnt innleiingsvis opp til ein enklare prosess for endringar som kan karakteriserast som «mindre». Stord kommune opplyser om at planstyresmaktene har sendt saka på høyring til naboar, og til statlege, regionale og kommunale mynde som vert «råka» av vedtaket.

Klagarane meiner at det er vanskeleg for Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Hamnevesenet til å uttale seg når det ikkje stod noko om utfylling i sjø i uttalebrevet. Stord kommune har vurdert merknaden slik:

«Rådmannen viser til at i uttalebrevet frå kommunen datert 01.12.2017, vart det gjort greie for utfylling i sjø. Det vart m.a. opplyst at føremålsgrænse mot nord mellom føremåla F/T og K2 skulle flyttast nord i dagens utfylling, slik at utført utfylling i sjø ville verta i samsvar med føremåla K2 og F/T og i samsvar med dagens situasjon. Rådmannen legg til grunn at dei kommunale, regionale og statlege høyringsinstansane set seg inn i sakene dei får sendt på høyring. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og hamnestellet har også fått oversendt vedtaket til klagevurdering. Kommunen ikkje motteke klage på vedtaket frå desse instansane.»

Fylkesmannen viser til vurderingane som kommunen her har gjort, og legg til grunn at vedtaket i kommunen er gjort på tilstrekkeleg opplyst grunnlag. Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune har fått saka til uttale og vedtaket til klagevurdering, slik lova krev. Klagarane har også fått gjort sitt

¹ Prop. 149 L side 76.



syn gjeldande gjennom klagehandsaminga i kommunen. Eventuell manglande kontradiksjon er såleis ivareteken ved klagehandsaminga av saka i kommunen, jf. prinsippet i fvl. § 41.

Til realiteten i saka

Utfylling i sjøen og oppfølging av ulovlege tilhøve etter pbl. kap. 32

Kommunen har vist til følgjande når det gjeld dei ulovlege tilhøva som klagarane har vist til :

« Det vart i sak PS-54/13 vedteke ein mindre reguleringsendring som omfatta eigedomane 3/10, 3/18 samt 3/58 og 3/6 (3/82 er frådela eigedomen 3/6) der kaiareal vart utvida, det vart lagt til rette for steinfylling i sjø med ein felles mur-front for desse eigedomane, samt endring av kotehøgda.

Eigedomane 3/18, 3/58 og 3/82 grensar til kvarandre og grensar mot sjø i nord. Tidlegare reguleringsplan legg til rette for at eigarane kunne fylle ut i sjø og opparbeide kai på ein heilskapleg og samanhengande måte, med ein felles kaifront mot sjø.

Sakshandsamar sjekka rutine messig om fyllinga var omsøkt i samband med planhandsaminga og gav i sak PS- 22/18 forvaltningsstyret informasjon om at heile tiltaket ikkje var omsøkt. Etter ei ny gjennomgang i arkivet har administrasjonen funne at det den 11.11.2013 vart godkjent utfylling av kai på 3/58 og 3/6 (no 3/82) i tråd med reguleringsendringa i sak PS-54/13. Utført utfylling på 3/18 og 3/58 og 3/82 er soleis i hovudsak utført i samsvar med godkjent løyve og gjeldande reguleringsplan, utanom eit areal på om lag 60 m2 som ligg utanfor føremålslina til K2, ut i område regulert til småbåtanlegg i sjø i tidlegare reguleringsplan.

RBO har etter saka var handsama i forvaltningsstyret blitt gjort merksam på at det også er eit avvik på utfyllinga for eigedomen 3/18, der det er fylt ut om lag 1 m utover føremålsgrensa til kai K1 reguleringsplanen. Som nemnd regulerte tidlegare reguleringsplan ein felles kaifront, K1 og K2, utført utfylling utgjør framleis at det er ein felles kaifront for dei berørte eigedomane. Dette kan ein sjå på vedlagte ortofoto. For 3/58 og 3/82 er utfyllinga om lag 60 m2 utover føremålsgrensa K2 i tidlegare plan, der utfyllinga er fylt ut i bue og ikkje i rett line som reguleringsplanen la til grunn.

I den vedtekne reguleringsendringa samsvarar no arealføremål kai K2 med utført utfylling i sjøen.»

Stord kommune har vidare opplyst om at kommunen fekk kjennskap til desse tilhøva i samband med handsaminga av planendringa. Kommunen har sett det som hensiktsmessig å følgje opp tilhøva etter at saka om reguleringsendring var avgjort. Fylkesmannen har ikkje merknadar til dette. Fylkesmannen viser til at det er vanleg at kommunane gjev tiltakshavarane høve til å søkje om å få eit ulovleg tiltak godkjent før det vert gjeve pålegg om tilbakeføring. Vi viser også til at kommunen i denne saka har vurdert det slik at utfyllinga mellom anna ligg i eit område regulert til småbåthamn i sjø i tidlegare plan, og ikkje i ei urørt strandsone. Vi har difor ikkje merknadar til at det ikkje er gjeve pålegg om tilbakeføring av fyllinga mens reguleringsendringa vart handsama av kommunen.

Om den vidare framgangsmåten i saka har kommunen vist til følgjande:

«Sidan reguleringsendring no er godkjent, må det søkjast om løyve for tiltak og fylling i sjø, med ansvarsrett, jf. § 20-3 i plan- og bygningslova. I byggesøknaden må tiltakshavar dokumentera at krav i pbl, teknisk forskrift og byggesaksforskrifta er oppfylt for tiltaket. Det kan vidare søkjast om løyve til frådeling av eigedomen 3/82. Tiltaket frådeling er no i tråd med vedteken reguleringsplan, men det må etter Rådmannen sin vurdering nabovarslast på nytt. Dersom endring av plan ikkje hadde blitt godkjent, måtte utfyllinga i sjø fjernast og kommunen måtte følgje opp tiltaket som ein ulovlegheit etter kap. 32. Tiltakshavar har informert kommunen om at dei no førebur byggesøknad om tiltaket.»



Privatrettslege tilhøve

I avtalen dagsett 28.01.2014 mellom grunneigarar Kjetil og Kjersti Aasheim, eigedom gnr. 3 bnr.18, og grunneigar Øystein Huglen, eigedomane gnr. 3 bnr. 58 og gnr. 3 bnr. 82 står det følgjande: «Med bakgrunn i forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 54/13, har eigar av 3/58 og 3/82 blitt samd med eigar av 3/18 om at dei skal ha ei felles, rett byggelinja mot nord. Partane er samde om at framtidig byggelinja mot nord, skal følgja 3/18 si vedtekne byggelinja.»

Klagarane skriv at reguleringsendringa er i strid med den privatrettsleg avtalen som er inngått.

Stord kommune har vurdert merknadene slik:

«I den privatrettslege avtalen som det er vist til, legg ein til grunn at eigarane er samde om ei felles rett byggeline mot nord (mot sjø). Med vedteken byggegrense mot sjø vil bygg på eigedomane 3/58 og 3/82 kunne liggja på ein felles rett line med 3/18 sitt næraste bygg. Denne byggegrensa er vurdert å ikkje medføre meir ulemper for eigedomen 3/18, i høve utsikt, lys og luft på eigedomen enn det som var tilfelle i gjeldande plan.

RBO bad i e-post datert 27.02.18 til partane om bekrefting på at byggegrensa lagt inn i revidert plankart var i tråd med privatrettslig avtale. Borgen advokatar svara i brev datert 26.03.18 at Åsheim føreset at revidert endringskart er korrekt og at Stord kommune kontrollerer at kartet er i samsvar med avtale. Rådmannen viser til at eigar av 3/18 har hatt moglegheit til å kome med merknad til den reviderte byggegrensa, før saka vart lagt fram for endeleg godkjenning.

Det er rett som klagar skriv at ny byggegrense i sør på eigedom 3/58 i tidlegare planutkast var ca. 1 meter innanfor eigedomsgrensa til eigedom 3/18. Dette er rette opp i vedteke plankart.

Endra arealføremål utvida mot sjø til F/T på 3/58, 82 kan nyttast til uteopphaldsareal, då ein ikkje kan bygge på areal mot sjø som ligg utanfor byggegrensa.»

Slik Fylkesmannen forstår saka er det lagt inn ein byggelinje mot nord, slik at bygg på eigedomane gnr. 3 bnr. 18 og gnr. 3 bnr. 58 og 82 vil verte liggjande på ei felles, rett byggelinje. Fylkesmannen har ikkje kompetanse til å ta stilling til dei privatrettslege tilhøva i saka. Vi kan difor ikkje med bindande verknad ta stilling til om byggegrensa er i samsvar med den privatrettslege avtalen. Vi ser likevel at byggelinja mot nord tek i vare det som tilsynelatande har vore intensjonen med avtalen, nemleg at eksisterande og framtidige bygg ikkje skal ta sol og utsikt frå kvarandre. Under alle omstende finn vi at byggelinja er tufta på reguleringsmessige omsyn.

Oppsummering

I vår gjennomgang av saka har vi ikkje funne sakshandsamingsfeil som har betydning for reguleringsendringa si gyldigheit. Vi har heller ikkje funne haldepunkt for at kommunen har brote nokre av krava som plan- og bygningslova set til sakshandsaminga ved endring av reguleringsplanar. Vurderingane som kommunen har gjort ligg innanfor dei rammene som er fastlagt i plan- og bygningslova, og vi har funne at vurderingane er sakleg grunngjevne.

Vi har etter ei heilskapleg vurdering heller ikkje merknader til det planfaglege skjønnet som kommunen har utøvd i saka. Vi har i vurderingane lagt stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, jf. fvl. § 34 andre ledd.

Klagen vert etter dette ikkje tekne til følgje.



Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sigurd Huglen	Skarvene 13	5413	Huglo
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Øystein Huglen	Hommandevegen 12	5413	

Mottakerliste:

Kjersti Aasheim	Nordhuglo 5	5413	STORD
Kjetil Aasheim	Nordhuglo 5	5413	
BORGEN ADVOKATAR AS	Ringvegen 30	5412	STORD

PS 22/19 Eventuelt